



Melding om vedtak

Hjelmås VVS v/Peder Hagesæter
Apalen,

5915 HJELMÅS

ARKIV

Dykkar ref:
Lars Låstad

Vår ref:
03/00489-4

Sakshandsamar:
Tore Svendsen

Direkte tlf:
56 35 66 13

Arkivkode:
182/001

Dato:
31.10.2003

Sak nr. 313/03 - Delegert sak handsama av bygningssjefen

SØKNAD OM OPPGRADERING AV AVLØPSANLEGG HARALD LÅSTAD – GNR 182 BNR 001 GAUSREIDE

Bygningssjefen har gjort slikt vedtak:

I medhald av "Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg" § 6 Eldre utslepp, vert søknaden om oppgradering av eksisterande avløpsanlegg godkjent:

- Nytt avløpsanlegg skal vera minireinseanlegg kl. 1
- VAR avd. skal kontaktast for evt nærare spesifikasjonar

Godkjenningar:

Hjelmås VVS, 5915 Hjelmås, vert godkjent som ansvarleg føretak for heile tiltaket.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr Lov om off. forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skrifleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

For bygningssjefen

Tore Svendsen
sakshandsamar

Kopi: Jakob Valle, Spjotøy, 5955 Lindås
VAR avd, her



Hjelmås VVS v/ Peder Hagesæter

Apalen
5915 HJELMÅS

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:
03/00489-6 Tore Svendsen 56 35 66 13 182/001 05.11.03

SØKNAD OM OPPGRADERING AV AVLØPSANLEGG, GNR 182 BNR 001, TILLEGGSKRAV

Vi syner til melding om vedtak, sak 313/03, delegert sak. Vedtaket er gjort ut frå opplysning om at eksisterande avløpsanlegg *hadde* vannklosett. Søknaden vert difor omgjort til søknad om nytt utslepp, med installasjon av vannklosett.

Kravet om minirensanlegg kl.1 vert oppretthalde, med tillegg av godkjent etterpuleringsanlegg, Jfr § 7, Lokal Forskrift for mindre avløpsanl. i Lindås kommune. I tillegg skal det vera mogeleg å montera desinfeksjonsanl. på utløpet frå etterpuleringsanlegget. Det skal tilretteleggjast for lett vint prøvetaking av utløpet frå etterpuleringsanlegget. VAR-avdelinga skal ha melding om ferdigstilling av anlegget for kontroll og godkjenning.

Kravet om muleg montering av desinfeksjonsanlegg kjem i tillegg til ovannemde § 7, som eventuelt tiltak for verna drikkevasskjelda Storavatn mot muleg bakteriologisk forureining.

Ellers gjeld punkta i vedtak av 31.10.03.

Kopi til byggjesak
Kopi til Jakob Valle.

Med helsing

John Bauge
avd.sjef VAR